

## ÅRSMELDING 2010

**Tillitsvalde i 2010-2011 har vore:**

**Styremedlemer:**

Beint Foss, Tveit Historielag, leiar  
Eilert Skjævestad, Tromøy Historielag, nestleiar  
Kristian Sundtoft, Vestre Moland og Lillesand Historielag, styremedlem  
Hallvard Tveit, Valle Sogelag, styremedlem  
Ragnhild Skarsten Larsen, Flekkefjord Historielag, styremedlem  
Gunnar Thorstensen, Tromøy Historielag, styremedlem  
Liv Kirsten Rølland, Vennesla Historielag, styremedlem  
Inge Augland, Torridal Historielag, styremedlem

**Varamedlemer (personlege):**

Helge Wiig, Mandal  
Sveinung Lien, Tvedestrand  
Anders Auen Grimnes, Lillesand  
Birgit Attestog, Bygland  
Kari M. Bruli, Kvinesdal  
Jan A. Ommundsen, Færvik  
Gerd Lillian Olsen, Søgne  
Bjug Åkre, Kristiansand

**Valkomitéen:**

Ellinor Lundberg, Arendal  
Bernt Gautestad, Evje  
Kjell Ove Sætren, Mandal  
Kari Mestad, Torridal

**Revisor:**

Ettersynet av rekneskapan er gjort av fylkesrevisjonen i Vest-Agder

**Skrivar:**

Borghild Løver, Lindesnes

## Verksemda i laget:

**Styret**

Det har vore 3 styremøte og 32 saker til handsaming i 2010. I tillegg har leiaren og skrivaren hatt ein god del møte.

**Skrivar**

Borghild Løver har vore skrivar tilsvarende 20% stilling.

**Kontorlokale og arkiv**

Lagskontoret har i 2010 vore i tredje høgda i Mållagsbygget midt i Kristiansand sentrum. Medlemene i historielaget har alltid kunna nå skrivaren per telefon dag som kveld og tinge bøker. Hovudlageret av bøker og årsskrift har vore på Statsarkivet i Kristiansand, dvs. på Gimlekollen.

**Årsmøtet 2010**

Årsmøtet vart halde Revsnes Hotell på Byglandsfjord laurdag 24. april 2010. Det var møtt fram 43 direktmedlemer og lokallagsrepresentantar. Kjell Olav Masdalen heldt eit engasjerande føredrag om "Okkupasjonstid".

**Medlemsutvikling**

Agder Historielag hadde om lag 840 medlemer den 31.12.2010. 40 av desse var lokallag.

**Årsskriftet 2010**

Årsskrift nr. 86 vart sendt ut like etter årsskriftet (jan. –11) og var på 184 sider. Årsskriftet vart trykt i 1500 eksemplar, og føyer seg inn i rekkja som eit godt årsskrift. Tema denne gongen var: Napoleonskrigen og fylgjene av den for Ny-Agder Historielag

Hellesund, gamle våpen, ekteskap i Iveland på 1700-og 1800-talet, øya og fyret Ryvingen gjennom 180 år, utvandring frå Fjære til Amerika 1870-1930, Setesdalsfelttoget i 1940, Krigshistorie frå Tonstad i øvre Sirdal 1940-45 og seglskipsførar og tollar Gerhard Tønnessen. I redaksjonskomitéen sat Beint Foss, Johnny Haugen, Leonhard Jansen, Marie T. Sørensen og Borghild Løver.

### **Egde**

Medlemsbladet EGDE kom ut med to nummer i 2010, og me meiner det er eit av dei flottaste medlemsblada i landet. Redaksjonen for dette bladet var Borghild Løver. Bladet vart trykt i 1100 eksemplar og sendt ut til alle medlemene.

### **Internettside**

Internettida til Agder Historielag har vorte fullstendig oppdatert i 2010 ved hjelp av eit godt samarbeid mellom Tormod Engebu og skrivaren. Sjå [www.agderhistorielag.no](http://www.agderhistorielag.no).

### **Agders Historie**

Det er kome ut fire band av Agdersoga:

- 1920-1945 (Kjell Olav Masdalen, 1991, 2000 eks.)
- 1840-1920 (Bjørn Slettan, 1998, 2000 eks.)
- 800-1350 (Torbjørn Låg, 1999, 2000 eks.)
- 1641-1723 (Ingeborg Fløystad, 2007, 2500 eks.)

Det femte bandet (1350-1640) er det som no er under utarbeiding. I komitéen for Agdersoga sit Stein Tveite, Bjørn Slettan, Gustav Sætra, Berit Eide Johnsen og Rune Holbek. Anne Tone Aanby er biletredaktør. Komitéen har diverre ikkje hatt møte i 2010 pga. sjukdom.

### **Nemndarbeid**

Den ypparlege turnemnda i laget, Olav Arne Kleveland, Birgit Attestog og Jan Arild Andersen, hadde lagt opp til ein fantastisk Telemarkstur med m.a. kanaltur 12.-15. august.

Ei stadnamngruppe vart utnemnd i 2009 for å jobbe for å få til ei statleg nettbasert presentasjonsløyising for stadnamn i Noreg: Terje Sandkjær, Eilert Skjævestad og Ivar J. Jansen.

Ei nemnd for barnevandringar i høve den etter kvart aukande satsinga på dette temaet har me òg (utnemnd i 2009): Terje Sandkjær og Tyra Ågedal.

Beint Foss er dessutan styremedlem i Landslaget for lokalhistorie.

Det er òg vorten gjort eit viktig forarbeid i høve endring av medlemsmodellen for laget.

### **Annan aktivitet/samarbeid**

Agder Historielag var til stades på Agderseminaret på UiA i Kristiansand 15. og 16. okt. I tillegg er historielaget sterkt medverkande til realiseringa av ei eiga brukargruppe av Bentsens hus (Kronprinsens gt. 59) og har hatt hjelp til oppussing av Egil Bøhn, i tillegg til at dei andre i brukargruppa har gjort si oppussing på dugnad.

Agder Historielag har hatt temamøte i samarbeid med eit lokallag for andre gong; som var 3. oktober i Konsmo, med Audnedal Historielag som praktisk tilskipar, i tillegg til Åseral Sogelag. Paul Sveinall og Torbjørn Ougland heldt eit interessant føredrag om barnevandrarane og husmennene, og maten var framifrå.

Agder Historielag v/skrivaren stod på stand under Naturligvis (tidl. Landbruksdagane) på Evjemoen 13.-15. aug. Representantar frå styret var til stades på jubileet til Torridal Historielag 20. okt., Holum Historielag 22. okt. og Arendal Historielag 26. nov.

### **Økonomi**

Medlemskontingenten for 2010 var på 250,- kr., altså den same som året før. Vest-Agder Fylkeskommune gav eit driftstilskot på 115.000 kr., i tillegg til eit tilskot til Agdersoga på 50.000 kr. Frå Aust-Agder Fylkeskommune kom det 60.000 i driftstilskot og 50.000 kr. til Agdersoga. Rekneskapen viser eit overskot på 79.990 kr i 2010.

På lager har me ståande ei mengd bøker og ein del dvd'ar som sjølvstapt utgjer ein stor verdi, men som ikkje er synt i jamvektrekneskapen. Desse vert talde ved flytting av kontoret. Løylandboka er mest utseld. For fleire detaljar, sjå rekneskapsoversyn og revisjonsmelding.

### **Oppsummering**

Historielaget har halde ein høg aktivitet på mange område òg i 2010.

I tillegg har me hatt fleire viktige samarbeidspartnarar som me ynskjer å rette ein særskild takk og helsing til: Kristiansand kommune v/kulturdirektøren og dei andre samarbeidspartnarane i høve Bentsens Hus, i tillegg til Aust-Agder Kulturhistoriske Senter, Statsarkivet og ikkje minst Vest-Agder og Aust-Agder fylkeskommune.

Kristiansand, 17. februar 2011

Beint Foss, leiar Eilert Skjævestad, nestleiar

Liv Kirsten Rølland Inge Augland

Gunnar Thorstensen Kristian Sundtoft

Ragnhild Skarsten Larsen Hallvard Tveit